



## Innhald

1.0 INNLEIING .....	2
2.0 VERDIGRUNNLAG .....	3
3.0 PEDAGOGISK PLATTFORM .....	3
4.0 REGIONALE UTVIKLINGSTILTAK .....	4
4.1 Meir om regionale utviklingstiltak .....	5
4.1.1 Rekruttering .....	5
4.1.2 Rekruttering til yrkesfaga .....	5
4.1.3 Tilrettelegging for arbeidslivet (PYO) .....	6
4.1.4 Samarbeid om IB .....	6
4.1.5 E-sport som toppidrett .....	6
4.1.6 Miljø- og klimatiltak .....	7
5.0 NASJONALE SATSINGSOMRÅDE .....	7
5.1 Lokal prioritering av nasjonale satsingsområde .....	7
5.1.1 Skuleutviklingsprosjekt FYR 2016-17 .....	7
5.1.2 Språk-kommunar .....	7
5.1.3 Grunnleggjande ferdigheiter med vekt på lesing .....	8
5.1.4 Vurdering for læring .....	8
5.1.5 Digital innovasjon .....	8
5.1.6 Internasjonalisering .....	8
5.1.7 Partnerskapsavtalar .....	9
6.0 LOKALT SAMARBEID .....	9
6.1 Vg2 Maritim produksjonsteknikk .....	9

6.2. Rekruttering til byggfaga .....	9
7.0 ELEVUNDERSØKINGA .....	10
8.0 UTEOMRÅDET .....	10
9.0 DALE VGS SOM LÆRANDE ORGANISASJON .....	10
10.0 UTFORDRINGAR .....	11
11.0 ÅRSHJUL I OPPLÆRINGA .....	12

## 1.0 INNLEIING

Utviklingsplanen for 2016-18 er ei revidert utgåve av planen for 2015-17. Planen er godkjend av elevråd og tilsette. Utgangspunktet for arbeidet er gjeldande nasjonale og fylkeskommunale styringsdokument, regionale utviklingstiltak som skulen har arbeidd med dei siste åra, tankar om nye utviklingstiltak og gjeldande utviklingsplan for inneverande skuleår. Utviklingsplanen skal vere ei rettesnor for arbeidet både på kort og lang sikt. Det skal ikkje vere for høgtflygande mål, men tydeleg prioritering av satsingsområde og tiltak.

Skulebruksplanen for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane er avgjerande for utviklinga av skulen vår. Vi veit at det er nokså små ungdomskull i HAFS-regionen den komande perioden. Lokalt ser vi samstundes at vi har større elevkull i vente seinare. Fleire unge vaksne flyttar attende til regionen, og det gir grunn til optimisme. På same vis verkar m.a. den nye Dalsfjordbrua og industrireiseing på Lutelandet positivt, sjølv om det kan gå nokre år før Dale vgs ser effekten av det i form av fleire elevar. HAFS er ein vidstrekt region med store avstandar som det er vanskeleg å organisere seg bort frå, og alle ungdommar har rett på eit tilbod i vidaregåande skule.

Personalsituasjonen ved Dale vgs har vore prega av stabilitet i lang tid. Til no har det ikkje vore eit problem å rekruttere unge velutdanna lærarar til skulen.

## 2.0 VERDIGRUNNLAG

Ei viktig forankring for verdigrunnet vårt er visjonen vår, «Vilje til visdom og vennskap». Her er hovudelementa læring og trivsel vektlagde. Skulen sitt hovudmål er å skape eit stimulerande læringsmiljø for elevar og lærarar. Uansett ståstad skal alle elevar oppleve gode utviklingsmoglegheiter. Læringsmiljøet omfattar både det fagleg-pedagogiske og det psykososiale. Det er alltid eleven som står i sentrum. Visjonen til skulen er kort, velklingande og lett å hugse, og den rommar mykje. Visjonen er godt kjend blant elevar og tilsette, verkar retningsgjevande for planarbeid og samlande i skulekvardagen. Lærarane legg vinn på å skape gode mellommenneskelege relasjonar til elevane. Det gir eit godt utgangspunkt for læring.

Grunnleggande verdiar ved Dale vgs er fagleg kompetanse, inkluderande fellesskap, gjensidig respekt, boblande engasjement og tru på utvikling for alle gjennom eit godt læringstrykk og fokus på vurdering for læring. Skulen er eit kompetansesenter som held høgt fagleg nivå, som tar del i den digitale utviklinga og som har nær kontakt med arbeidslivet.

## 3.0 PEDAGOGISK PLATTFORM

Prinsippa for opplæringa ved Dale vgs byggjer direkte på innhaldet i **Læringsplakaten**.

Vi vil:

- 1. gje alle elevar og lærlingar like sjansar til å utvikle evnene og talenta sine*
- 2. stimulere lærelysta, uthaldet og spørjelysta hos elevane og lærlingane*
- 3. stimulere elevane og lærlingane til å utvikle eigne læringsstrategiar og evne til kritisk tenking*
- 4. stimulere elevane og lærlingane i deira personlege utvikling, i å utvikle sosial kompetanse og evne til demokratiforståing og demokratisk deltaking*
- 5. leggje til rette for at elevane og lærlingane kan gjere medvitne val av utdanning og framtidig arbeid*
- 6. bidra til at lærarar og instruktørar framstår som tydelege leiarar og som førebilete for born og unge*
- 7. stimulere, bruke og vidareutvikle kompetansen hos lærarane*
- 8. fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar*

*9. sikre at det fysiske og psykososiale arbeids- og læringsmiljøet fremjar helse, trivsel og læring*

*10. leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre medansvar i skulen for foreldra / dei føresette*

*11. leggje til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte*

Med dette som utgangspunkt ønskjer Dale vgs å vere eit levande kompetansesenter i HAFS-regionen. Læringssynet vårt skal vise igjen i val av undervisningsmetodar og haldningar overfor elevane. Det er alltid einskildeleven som står i fokus. Eleven skal møtast på sitt meistringnivå og få høve til fagleg og personleg utvikling gjennom variert opplæring. Individuell tilpassing, konkrete og oppnåelege læringsmål, gode undervegsvurderingar og engasjerande arbeidsmåtar skal sikre utviklingsmoglegheiter for alle. Læraren si rolle er viktig for korleis eleven vil lykkast i den faglege progresjonen og den personlege utviklinga. Elevmedverknad gjennom evaluering av undervisninga og av eiga måloppnåing er ein del av læringsprosessen.

Dale vgs skal vere ein god arbeidsplass både for elevar og tilsette. Miljøet skal vere inkluderande, og skulen skal sjå det heile mennesket i eleven samstundes som hovudverksemda vår går ut på å hjelpe eleven til å byggje opp sin faglege kompetanse. Det skal vere vilje til nyskaping og utprøving av ny undervisningsmetodikk.

Leiinga ved skulen skal vere aktiv og motivere dei tilsette til engasjement i formidlinga av faga. Vårt felles verdigrunnlag inviterer til samarbeid, respekt og omsorg for kvarandre i arbeidskvardagen på skulen. Miljøet ved Dale vgs er og skal vere prega av stort fagleg engasjement blant lærarane og vilje til formidling av kunnskap og ferdigheiter.

## **4.0 REGIONALE UTVIKLINGSTILTAK**

1) Oppretthalde elevtalet ved Dale vgs gjennom tidleg og god rekruttering til dei ulike tilboda våre. Sjå omtale under 4.1.1.

2) Arbeide for å betre rekrutteringa til yrkesfaga; Helse- og oppvekstfag, Teknikk- og industriell produksjon og Bygg- og anleggsteknikk. Sjå omtale 4.1.2.

3) Kvalifisering til arbeidslivet for elevar som treng spesiell tilrettelegging: Eit praktisk Vg1-løp kan hindre fråfall i denne gruppa. Sjå omtale under 4.1.3.

4) Vidareutvikle samarbeidet med UWC Red Cross Nordic om IB, International Baccalaureate (Internasjonal linje). Sjå omtale under 4.1.4.

5) Arbeide for å få i gang fylkets første linje for E-sport (elektronisk sport) på toppidrettsnivå i samarbeid med lokale IT-bedrifter og politikarar. Sjå omtale under 4.1.5.

6) Arbeide vidare med haldningsskapande tiltak og aktivitetar som gjeld miljøbelastning og klimautfordringar. Sjå omtale under 4.1.6.

## 4.1 Meir om regionale utviklingstiltak

### 4.1.1 Rekruttering

Tidleg og god rekruttering av dei ulike tilboda ved Dale vgs er viktig for å oppretthalde elevtalet ved skulen. Eit stabilt elevtal er ein grunnleggjande føresetnad for å behalde og vidareutvikle ein vidaregåande skule i HAFS-området. Ambisjonen er å oppretthalde elevtalet på 2016-nivå, og aller helst auke det. For å oppnå målsettinga vil skulen evaluere rekrutteringsarbeidet som er gjort, drøfte mogeleg nye tiltak og prøve dei ut i praksis. I dag er 8-klassedagen grunnskuleelevens første møte med den lokale vidaregåande skulen, og vert følgd opp med hospitering i 10. klasse.

Skulen skal ha ein intern plan for å marknadsføre opplæringstilboda ved Dale vgs på ein positiv måte overfor aktuelle søkjarar. Dette er spesielt viktig for å møte utfordringane dei åra det er små ungdomskull i regionen, og for å rekruttere elevar til nye fylkesdekkande opplæringstilbod. Planen må drøftast i stabsmøte kvar haust, og nye tiltak vurderast ut frå den aktuelle situasjonen.

### 4.1.2 Rekruttering til yrkesfaga

Det er eit mål for Dale vgs å medverke til at næringslivet får tak i kompetent arbeidskraft. Difor er det viktig å arbeide spesielt med rekrutteringa til yrkesfaga, Helse- og oppvekstfag, Teknisk- og industriell produksjon og Bygg- og anleggsteknikk.

Skulen ønskjer å vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet, og utvikle rolla som regional utviklingsaktør. Det kan m.a. gjerast ved å satse på yrkesfagopplæring som er spesielt etterspurd av næringslivet i HAFS-regionen, i fylket eller i landsdelen vi bur i. Det kan også gjerast ved å medverke til å utdanne ungdom på område der landet vårt treng kompetanse no eller i framtida.

Innanfor helsefaga har Dale vgs i fleire år samarbeidd med kommunane i HAFS og med fylkeskommunen for å prøve å sikre framtidig rekruttering til helsefaga, noko som er eit nasjonalt problemområde. Mellom anna har Dale vgs teke initiativ til å få i gang valfaget «**Innsats for andre**» ved fleire ungdomsskular i HAFS, og dette har gitt konkrete og positive resultat. «**Livsglede for eldre**» er eit prosjekt som har vore prøvd ut med hell på Vg1 Helse- og oppvekstfag ved Dale vgs.

Eit samarbeid mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad, NAV Fjaler og Dale vgs er i gang for å finne ut om det er grunnlag for å utdanne vaksne minoritetspråklege til helsefagarbeidarar. Forprosjektet «kartlegging og tilrettelegging» skal vere ferdig i desember 2016 og gje svar på om det er aktuelt å planleggje opplæringsstart frå august 2017.

#### 4.1.3 Tilrettelegging for arbeidslivet (PYO)

Kvalifisering til arbeidslivet for elevar som treng spesiell tilrettelegging i vidaregåande er eit praktisk opplegg for å hindre fråfall i denne ungdomsgruppa. PYO skal vere ei praktisk-teoretisk yrkesopplæring som gir eleven eit heilskapleg løp frå starten med arbeidslivs faget i ungdomsskulen via tilrettelagd opplæring i vidaregåande og fram til kompetansebevis på det fagområdet eleven har valt. Skuleåret 2016-17 vil vi utvikle, konkretisere og kvalitetssikre prosjektet. I praksis betyr det å lage forenkla fagplanar, utarbeide kurspakkar og lage vurderingsmalar for måloppnåing på dei ulike områda. Dette bør gjerast innanfor områda Teknikk og industriell produksjon, Bygg- og anleggsteknikk og Helse- og oppvekstfag med fagleg ansvarlege for kvart område.

#### 4.1.4 Samarbeid om IB

Skulen vil vidareutvikle samarbeidet med UWC Red Cross Nordic om IB, International Baccalaureate (Internasjonal linje). UWC Red Cross Nordic og Dale vidaregåande skule starta eit treårig forsøk med IB-utdanning for ungdom i Sogn og Fjordane frå hausten 2015.

IB (International Baccalaureate) er ei internasjonal utdanning over to år, tilsvarende Vg2 og Vg3 på studiespesialisering. Undervisninga er på engelsk, og eit IB-vitnemål (IB Diploma) gir ungdom tilgang til studium på universitet over heile verda. IB-elevar fordjupar seg i 6 akademiske fag og har i tillegg eit CAS-program (Creative, Active, Service) som inneber krav til sosialt engasjement. 3 elevar vert tekne opp kvart år i forsøksperioden, og det meste av opplæringa vert gitt på Haugland.

Første året var Dale vgs sin medverknad særleg knytt til CAS-programmet gjennom friluftslivsaktivitetar knytt til programfaget breiddeidrett. Den årlege evalueringa av forsøket vert avgjerande for korleis samarbeidet om IB bør utviklast vidare. Ambisjonen er at IB-elevane skal vere gode ambassadørar for fylket vårt på same tid som dei er eit bindeledd mellom skulane og medverke til positiv samhandling og utvikling. Eit døme på det er initiativet frå IB-elev Jakob Bredesen om linje for E-sport på Dale vgs. Sjå punkt 4.1.5.

Språkopplæring i kinesisk kan bli eit framtidig samarbeid mellom UWC og Dale vgs. Dette vart seinast drøfta på leiarnivå ved skulane våren 2016.

#### 4.1.5 E-sport som toppidrett

Dale vgs vil arbeide for å få i gang fylkets første linje for E-sport (elektronisk sport) på toppidrettsnivå i samarbeid med lokale IT-bedrifter og politikarar.

Dette er ein ide lansert av Jakob Bredesen våren 2016. Han er ungdomspolitkar og ein av IB-elevane i første kullet (2015-17). Elektronisk sport vil seie å drive med dataspel på toppidrettsnivå. Garnes vgs i Hordaland startar ei slik linje hausten 2016. Bredesen har fått støtte frå IT-bedrifter i Dale, Fjaler-ordførar Gunhild Berge Stang og rektor ved Dale vgs. Det vert arbeid vidare for å finne ut om det er realistisk å gå vidare og detaljplanlegge eit nytt opplæringstilbod. I tilfelle kan det tidlegast komme i gang frå hausten 2017.

#### 4.1.6 Miljø- og klimatiltak

Dale vgs vil arbeide vidare med haldningsskapande tiltak og aktivitetar som gjeld miljøbelastning og klima. Skulen er miljøsertifisert. Vi kjeldesorterer og komposterer avfall og har årleg klassekonkurranse om å ha det mest miljøvennlege og ryddige klasserommet. Skulen har også delteke i eit prosjekt i samarbeid med UWC og Sogn Jord- og Hagebruksskule for å fokusere meir på økologisk mat i kantina. Saman med temadagar med fokus på miljø kan dette verke haldningsskapande og vere med på å sette søkjelys på miljø- og klimautfordringar.

## 5.0 NASJONALE SATSINGSOMRÅDE

### 5.1 Lokal prioritering av nasjonale satsingsområde

#### 5.1.1 Skuleutviklingsprosjekt FYR 2016-17

Ei meir relevant yrkesfagopplæring med yrkesretting av fellesfaga er noko vi har jobba med i fleire år ved Dale vgs. Vi har skulert kollegiet ved hjelp av knutepunktskulen i Førde, og vi har hatt fleire lærarar på FYR-kurs i Oslo. Skulen vår skal vere med i den sentrale FYR-skuleringa i 2016-17, og vi har difor peika ut FYR som satsingsområde 2016-17. Hovudpunkta er: Dale vgs skal delta aktivt i FYR-skuleringa. 6 lærarar og 2 leiarar skal på kurs i Oslo. Målet er ei meir relevant og yrkesretta opplæring i alle yrkesfagklassane. Vi skal ha minst 1 FYR-prosjekt kvart halvår i Vg1-klassane og minst 1 FYR-prosjekt pr. skuleår på Vg2. Arbeidet med dette er i gang, og vert vidareført på ein planleggingsdag i august 2016 med deltaking frå opplæringsavdelinga i fylkeskommunen.

#### 5.1.2 Språk-kommunar

Dette er eit nytt satsingsområde. Utdanningsdirektoratet har valt ut 27 kommunar i landet som språkkommunar. Blant dei er Fjaler, Gulen, Hyllestad og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Regjeringa ser språkkommunar som viktige for å få til ei heilskapleg satsing på språk, lesing og skriving frå borna byrjar i barnehagen til dei går ut av vidaregåande opplæring. I vidaregåande er det m.a. aktuelt å bruke [Språkløyper](#).



Språkkommunar får eit økonomisk tilskot som skal brukast til å etablere og drifte lokale og lærande nettverk innanfor områda språk, lesing og skriving. Dale vgs har søkt om pengar til å kurse lærarar og etablere nettverk saman med kommunane Fjaler, Hyllestad og Gulen, og rektor har peika ut ansvarlege for å få arbeidet i gang.

### 5.1.3 Grunnleggjande ferdigheiter med vekt på lesing

Kartleggingsprøvene har i fleire år vist at det er mange svake lesarar blant nye elevar på Vg1 YF og på Vg3 påbygging. Det tilseier at lesing framleis bør vere eit satsingsområde, t.d. gjennom språkløyper. Vi tilbyr pr. 2016 Aschehougs «Pageturner» til alle Vg1-elevane på YF. Andre elevar får tilbodet etter behov. Det kan vere elevar som tidlegare har prestert dårleg på kartleggingsprøve, men også «normalelevar» som vil prøve å auke lesefarten.

Vi vidarefører også skulestartopplegget vi har brukt dei siste to åra, der vi to dagar i første skuleveka fokuserer spesielt på grunnleggjande ferdigheiter og elevrolla. Den primære målgruppa er alle elevar som er nye på skulen, Vg1 og Vg3 påbygging, men også elevar på Vg2 YF er med første dagen. Målet er m.a. å forbetre evna og haldninga til læring, utvikle evna til refleksjon og gjere elevar meir samfunnsorienterte og -engasjerte.

### 5.1.4 Vurdering for læring

Tilbakemelding frå elevar ved gjennomgang av elevundersøkinga tyder på at vi framleis må ha fokus på vurdering for læring. Elevane er særleg opptekne av å få tydelege og jamlege framovermeldingar med konkrete råd som kan hjelpe dei vidare i læringsarbeidet.

### 5.1.5 Digital innovasjon

Bruk av Classbook i OneNote og nettundervisning er døme på digitale arbeidsmåtar som skulen vil utvikle vidare dei næraste åra, m.a. med utgangspunkt i røyntslene frå påbyggklassen der elevane har hatt ein fast skuledag nettundervisning for veka sidan skuleåret 2014-15.

### 5.1.6 Internasjonalisering

Skuleåra 2013-14, 2014-15 og 2015-16 har to elevgrupper ved skulen vår hatt arbeidsutplassering i utlandet gjennom Leonardo da Vinci-programmet, og røyntslene er gode. Dette er ein del av internasjonaliseringsarbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune der vi også samarbeider med andre vidaregåande skular og andre bedrifter. Vi vil prøve å få til tilsvarande internasjonalisering i åra framover. Det er ønskjeleg å få til internasjonalisering også knytt til studiespesialisering, gjerne språkfag.

Elevar på Vg2 Industriteknologi (Vg2 Maritim produksjonsteknikk i 2015-16) har vore utplasserte to veker på Karstensens Skibsværft i Skagen i samarbeid med Maritime Montering. Elevar på Vg2 Helsearbeidarfag har hatt arbeidsutplassering i London i samarbeid med ADC College.

### 5.1.7 Partnerskapsavtalar

Vi lever i ei omskifteleg tid med store krav til omstilling på mange område. Dale vgs har som mål å vere ein viktig ressurs i lokalsamfunnet, og vil utvikle rolla som regional utviklingsaktør. Skulen har ein mindre ressurs til arbeidslivskontakt, og gjennom partnerskapsavtalar, nært samarbeid med det lokale næringslivet, HAFS utvikling og lokalsamfunna ønskjer vi å vidareutvikle skulen som kompetansesenter, og fremje nyskaping og entreprenørskap. Oppdatering av partnerskapsavtalane med dei bedriftene skulen nyttast oftast i samband med utplassering av elevar er eit prioritert område. Skulen samarbeider kvart år med Ungt Entreprenørskap om temadagar og for å fremje entreprenørskap og få etablert elevbedrifter.

## 6.0 LOKALT SAMARBEID

Lokalt samarbeid med ungdomsskulane, dei andre vidaregåande skulane og UWC Red Cross Nordic held fram. Det same gjeld samarbeid med føresette og andre samarbeidspartar lokalt og regionalt, t.d. karriererettleiaren i HAFS, HAFS næringsutvikling, HAFS utvikling og lokalpolitikarar. Skulen, med OT og spes.ped-koordinator i spissen, har i mange år hatt eit godt samarbeid med m.a. PPT, HAFS barnevern og NAV. Dette vert vidareført.

### 6.1 Vg2 Maritim produksjonsteknikk

Etter to års arbeid godkjende Utdanningsdirektoratet eit treårig forsøk (2015-2018) med ei ny yrkesfagopplæring innanfor skipsinnreiing i samarbeid mellom bedriftene Maritime Montering as, Havyard Ship Technology AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vg2 maritim produksjonsteknikk og Vg3 opplæring i bedrift fører fram til fagbrev i maritim innreiing, og vi fekk i utgangspunktet garanti for læreplassar i forsøksperioden.

Seks elevar vart tekne inn til første forsøksåret (2015-16), og året var vellukka når det gjeld fagleg innhald. Dessverre kom konjunkturedgangen innan oljerelatert industri og skipsbygging omtrent på same tid som den nye linja kom i gang. Resultatet vart at den vidare rekrutteringa vart vanskeleg, og at bedrifta vi samarbeider med berre oppfylte læreplass-garantien for halvparten av elevane. Forsøket vert difor ikkje vidareført skuleåret 2016-17, og pr. juni 2016 er det uvisst om det blir teke opp att seinare eller ikkje.

### 6.2. Rekruttering til byggfaga

Dale vidaregåande skule miste Vg1 bygg- og anleggsteknikk som ein del av den fylkeskommunale skulebruksplanen. Dette rårar ikkje berre skulen og byggenæringa i HAFS-kommunane på ein negativ måte. På sikt kan ein frykte for rekrutteringa til byggfaga i heile den sørvestlege delen av fylket. Det verkar i sin tur negativt inn på byggenæringa samla sett. Denne bransjen er frå før under press og i stor grad avhengig av utanlandsk arbeidskraft. Vi meiner difor

det er ei samfunnsoppgåve å arbeide saman med næringa i regionen for å prøve å få tilbake ein klasse Vg1 bygg- og anleggsteknikk. Dette må i tilfelle gjerast i samarbeid med andre vidaregåande skular.

## 7.0 ELEVUNDERSØKINGA

For Dale vgs har elevundersøkinga i fleire år vore positiv på sentrale område. Undersøkingane dei siste åra viser at elevane våre trivst på skulen, har god støtte heimanfrå, og er fornøgde både med skulen, lærarane og læringsmiljøet. Dei er gjennomgåande meir fornøgde enn gjennomsnittet i fylket vårt og i landet elles, viser tala som Utdanningsdirektoratet har offentleggjort i [Skoleporten](#).

Dette er sjølvsagt svært gledeleg, men vi veit at resultata kan variere frå år til år utan at det er så lett å finne grunnane til det, anna enn at ein del av elevane er nye. Skulen må difor heile tida ha fokus på å skape ein god kultur for læring, og gjennom tilpassa opplæring hjelpe elevane til å bruke evnene sine slik at den einskilde så langt råd tek ut potensialet sitt. Vi er glade for å ha lite fråfall og ein skule praktisk tala fri for mobbing, men må likevel ha kontinuerleg fokus på å sikre eit inkluderande miljø der alle kan finne sin plass. Det fremjar trivsel, førebyggjer mobbing, skaper grunnlag for læring, og er med på å sikre god gjennomføring. Dialog med elevane ved gjennomgang av den årlege elevundersøkinga er viktig for å finne område der den einskilde klassen eller heile skulen kan forbetre seg.

## 8.0 UTEOMRÅDET

Skulen sitt uteareal er avgrensa og inviterer ikkje til fysisk utfalding i friminutt og fritimar. Vi er i ein planprosess saman med bygge- og eigedomsavdelinga i fylkeskommunen med tanke på å oppgradere uteområdet med m.a. grøntområde og ei ny volleyballbane. Det er aktuelt å flytte ein del av parkeringsplassen vekk frå framsida av skulen for å kunne nytte dette området til fysisk aktivitet av ulike slag. Eit nytt varemottak er under planlegging for å få mindre biltrafikk inn på skuleområdet. Det vert også vurdert å flytte busstoppet ved skulen for å gjere det tryggare for elevane å stige av og på bussane.

## 9.0 DALE VGS SOM LERANDE ORGANISASJON

Som organisasjon er Dale vgs oppteken av å vere i positiv utvikling på alle nivå. Viljen til å møte utfordringar og tenkje nytt er tydeleg til stades og omstillingsevna er god. Eit vellukka læringsarbeid tyder at ein heile vegen er nysgjerrig og utprøvande i forhold til nye tankar og idear innan pedagogikk og digitaliserte hjelpemiddel, og som lærar at ein er interessert i utviklinga innanfor eige fagfelt. Det som er utprøvd og godt fungerande, tek vi med oss vidare, men samstundes skal vi fremje den utforskande trongen til å skape noko nytt. Vi skal sjå framover, leggje til rette for kompetanseutvikling og vere bevisste i

å etablere ein tydeleg skulekultur som verdset god arbeidsinnsats, flid og engasjement. Det er viktig å stimulere til ein auka delingskultur gjennom erfaringsutveksling og faglege diskusjonar mellom kollegaer når det gjeld pedagogisk vellukka undervisningsopplegg.

For å nå hovudmålet vårt om eit stimulerande læringsmiljø som i neste omgang gir eit godt læringsutbytte for alle elevane, er innhaldet og kvaliteten i opplæringa vesentleg. Dale vgs skal heile vegen ha fokus på kvalitet. I denne samanhengen er det viktig å halde fram med å motivere for kompetanseutvikling i personalet, gjennom statlege og fylkeskommunale ordningar for vidareutdanning, i form av kortare kurs, og gjennom hospiteringsordningar. Vi ønskjer at den einskilde lærar prioriterer fagleg utvikling, både i form av kompetansegejevande vidareutdanning, kortare kurs og hospitering.

Skulen er i ein prosess for å vidareutvikle kvalitetssystema på ulike områda. Det inneber å gjennomgå rutinar for handtering av ulike forhold og sikre at rettsetterlevinga blir følgt opp gjennom skriftleggjering av reglar og avtalar om ansvarsfordeling og avgjerdsmynde.

## 10.0 UTFORDRINGAR

Det er viktig for HAFS-regionen at Dale vgs held stand som den einaste vidaregåande skulen i den sørvestlege delen av fylket. Trass i at ein del av elevane heilt i sør -gjennom Hordalandsavtalen- har eit dagpendlartilbod til Austrheim vgs, så er Dale vgs nærskulen for Askvoll, Fjaler og Hyllestad. I tillegg kjem nokre elevar frå Gaular og andre delar av fylket. I den komande perioden er elevkulla i aldergruppa 16-19 år låge i fleire delar av fylket. Det er viktig at kvaliteten i opplæringstilbodet ved Dale vgs vert oppretthalde, nettopp for å kunne gje eit dekkande tilbod til ungdomen i distriktet. Derfor er det avgjerande at skulen har dei undervisningstilboda som vert etterspurte. Elevgrunlaget i HAFS er stort nok til å oppretthalde ein skule med minst 150 elevar gjennom heile den labre perioden, men då må elevane finne dei tilboda dei ønskjer ved skulen, elles søker dei seg vekk frå regionen. Dale vidaregåande skule er avgjerande for at Sogn og Fjordane som fylke skal lukkast i å halde oppe busetnaden i HAFS.

Ei anna utfordring er den dårlege infrastrukturen i vår del av fylket. Dersom Sogn og Fjordane gjennom samferdsletiltak gjekk inn for å binde den sørvestlege delen av fylket betre saman med resten, ville det kunne snu trenden med at Gulen og Solund både ut frå tradisjon og faktiske båtruter er nærmare knytt til Hordaland enn Sogn og Fjordane.

Eit nytt inntektssystem for fylkeskommunane vart vedteke i 2014. På grunn av endra statlege fordelingsnøklar kjem utkantfylke dårleg ut i forhold til tidlegare. Det ser ut til at Sogn og Fjordane fylkeskommune etter ein overgangsperiode på fem år kjem til å få rundt 225 millionar kroner mindre å bruke kvart år jamført med 2014. Det vert arbeidd for å få til ei kompensasjonsordning som kan avgrense inntektstapet. Konsekvensane av ulike sparetiltak er pr. juni 2016 ikkje kjende fullt ut. Skulebruksplanen ligg fast inntil vidare, og tida framover vil vise kva rammer skulane får til å gje elevane «det kvalitativt beste opplæringstilbodet i landet», som er målsetjinga i det fylkeskommunale handlingsprogrammet for opplæringa.

## 11.0 ÅRSHJUL I OPPLÆRINGA

Målsetjing	Tiltak	Tidsrom	Ansvarleg
1 Motivasjon for læring / læringstrykk / meistring / elevmedverknad	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Faste møte i klasselærarteam</li> <li>- Klasseleingsreglar (t.d. sams handheving av reglement)</li> <li>- Plan for klassens time</li> <li>- Klassereglar: arbeidsro, oppstart og avslutning av time</li> <li>- Evaluering av undervisning</li> <li>- Studieteknikk</li> <li>- Opplæring i kjeldebruk</li> <li>- Deling av undervisningsopplegg i fagteama</li> <li>- Felles fagdag med grunnskulen</li> <li>- Faglærarnettverk med grunnskulen (overgangen 10. kl. – Vg1)</li> <li>-Overføringsmøte om fråværsproblematikk, faglege vanskar</li>   <li>- Oversiktlege prøveplanar som elevane er med og utarbeider</li> <li>- Bruke kartleggingsprøvene i norsk, engelsk og matematikk til å møte eleven på sitt meistringsnivå</li> <li>- Opplæring/oppfølging i bruk av Fronter, SkoleArena,</li> <li>- Hyppige fagsamtalar, leksehjelp</li> <li>- Tydeleggjere/konkretisere læreplanmål</li> <li>- Praksisperiodar ute i arbeidslivet</li> <li>- Samarbeid med føresette</li> <li>- Vurdering (sjå eige punkt)</li> </ul>	Heile perioden  (2015-17)	Rektor,  adm.leiar,  ped. Leiar  kontaktlærar
2 Eit godt psykososialt læringsmiljø/ elevmedverknad	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Anti-mobbearbeid</li> <li>- Open skule</li> <li>- Bli kjent-turar ved skulestart</li> <li>- Fellesopplevingar som skaper identitet</li> <li>- Opa dør elev-lærar-adm, god atmosfære</li> <li>- Krav til høflegheit og folkeskikk</li> <li>- Ordensreglar</li> <li>- Miljøkonkurranse: kva klasse har det mest miljøvenlege og trivelege klasserommet?</li> </ul>	Heile perioden	Miljøko-ordinator,  volontør,  OT-ansvarleg,

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Innbydande kantine</li> <li>- Hyggelege fellesrom</li> <li>- Hybelbesøk av miljøkoordinator</li> <li>- Temadagar</li> <li>- Allmøte éin gong i månaden</li> <li>- Gode relasjonar lærar-elev</li> <li>- Oppfølging gjennom elevsamtalar</li> <li>- Leksehjelp på open skule og i leksetime</li> <li>- Tidleg kontakt v/fråvær</li> <li>- Elevmedverknad gjennom elevdemokrati</li> <li>- Tillitsvalde som aktiv medspelar</li> <li>- Elevundersøkinga som skulevurdering</li> <li>- Nettvett</li> <li>- Feiring av merkedagar (skuleslutt, juleavslutning etc)</li> <li>- Open verkstad for mekking</li> <li>- Ulike kurs og utflukter for elevane</li> <li>- Samanlikne elevundersøkinga frå år til år</li> <li>- <b>Eigen handlingsplan for folkehelse</b></li> </ul>		faglærarar,  leiargruppa
3 Vurdering for læring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Gode undervegsvurderingar/ framovermeldingar,</li> <li>- Gi elevar trening i å nytte utarbeidde måloppnåingskriterium (høg/middel/låg) for vurderingssituasjonar</li> <li>- Vere tydeleg på kva som skal lærast og korleis ein vert vurdert</li> <li>- Trene eigenvurdering og partnarrespons i læringsprosessen</li> <li>- Oversiktlege sluttvurderingssituasjonar</li> <li>- Jobbe med vurdering i fagnettverka</li> <li>- Bruke karakterstatistikk til å justere nivå</li> </ul>	Aug- juni	Faglærarar  Seksjonsleiarar  Ped.leiar
4 Pedagogisk bruk av IKT	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruk av nye digitale læringsressursar i undervisninga</li> <li>- Opplæring i OneNote, smartbok og andre digitale hjelpemiddel</li> <li>- Interne lærarkurs</li> <li>- Bruk av digitale ordbøker (Ordnett+)</li> <li>- Bruk av retteprogram som LingRight, LingDys</li> </ul>		E-pedagog,  IKT-ansvarleg
5 Karriererettleiing for	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rådgjevar besøkjer alle klassane</li> <li>- Individuell rettleiing</li> </ul>	Aug- juni	Rådgjevarar

elevar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- "Frå utdanning til jobb" – korleis skrive CV og søkje på jobb</li> <li>- Rådgjevarteneste på nett</li> <li>- Samarbeid med karriererettleiar i HAFS</li> <li>- Utdanningsinfo frå eksterne aktørar</li> <li>- Besøk på Høgskulen i Sogn og Fjordane (Sogndal)</li> <li>- Realkompetansevurdering og rådgjeving til vaksne</li> <li>- PTF i nært samarbeid med næringslivet</li> <li>- Informere om lærekandidatordninga</li> <li>- Nytte partnarskapsavtalar ved utplassering i arbeidslivet</li> <li>- Hospitering i Utdanningsval</li> <li>- Bedriftsbesøk i nærområdet</li> <li>- Kartleggje kompetansebehov i lokalsamfunnet</li> <li>- Internasjonaliseringsprosjekt med arbeidsutplassering</li> </ul>		<p>Arbeidslivskontakt</p> <p>Kontaktlærer</p> <p>Rektor</p>
6 Kvalitetssikring/ organisasjonsutvikling for å ivareta forsvarlege system	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Fullføre skriftleggjing av allereie innarbeidde rutinar</li> <li>- Gjere synleg linjene i avgjerdsmyndet</li> <li>- Sikkerhetsrutinar</li> </ul>	2015-17	Rektor, adm.leiar, ped.leiar
7 Grunnleggjande ferdigheiter	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Hjelp til svake lesarar ut frå resultat på kartleggingsprøvene</li> <li>- Kurs i grunnleggjande ferdigheiter for elevar på Vg1 og påbygging ved skulestart</li> <li>- Kurs i elevrolla for lærarar og elevar 2015</li> </ul>	2015-17	<p>Faglærarar</p> <p>Kontaktlærarar</p> <p>E-pedagog</p> <p>Ped.leiar</p>
8 FYR (fellesfag-yrkesfag- relevans)	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Praksisnær opplæring I fellesfaga på Vg1 YF (matematikk, norsk, engelsk og naturfag)</li> <li>- "Matematikk i verkstaden", eit samarbeidsprosjekt for matematikklærarar og programfaglærarar (TIP)</li> <li>- Dele undervisningsopplegg på NDLA</li> </ul>	Heile perioden	<p>Fellesfaglærarar, programfaglærarar,</p> <p>Seksjonsleiarar, Ped.leiar</p>
9 Leiing av fagnettverk geografi	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Geografinetttverket i fylket vert leia av Dale vgs</li> </ul>	Heile perioden	Faglærar, ped.leiar